

IFS Info 2/1996

Olav Riste  
Roald Berg

**Isolasjonisme, atlantisk  
samarbeid og nordpolitikk**

---

## Innhold

Introduksjon .... 3

Olav Riste:

Formative periodar i norsk tryggingspolitikks utvikling .... 4

Roald Berg:

1905 - 1914: En norsk nordpolitikk? .... 11

---

## Introduksjon

I denne studien rettes søkelyset mot sentrale orienteringslinjer i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk. I det første bidraget tar Olav Riste for seg utviklingen fra isolasjonisme til integrasjon i en atlantisk ramme. Han drøfter spesielt to formative perioder: De første årene fra 1905 til rundt 1910, da den «klassiske» norske nøytralismen ble utformet; deretter perioden 1940-49 - fra den tyske invasjonen og til det norske medlemskap i Atlanterhavspakten, noe som markerte Norges overgang fra å være tilskuer til å bli deltaker i internasjonal politikk. Riste reiser avslutningsvis spørsmålet om Norge nå på vei inn i sin tredje formative periode.

I den andre bidraget drøfter Roald Berg utformingen av en norsk nordpolitikk i det første tiåret etter 1905. I tråd med det allmenne ønske om å befeste den nasjonale selvstendigheten ble det ført en pågående politikk for å «fornorske» land og ressurser. I dette arbeidet inngikk også ambisjonen om å sikre seg suvereniteten over Spitsbergen.

Disse to bidragene ble opprinnelig holdt som foredrag ved Utenriksdepartementets markering av sitt 90-årsjubileum i juni 1995.

\* \* \*

*Olav Riste* er forskningssjef ved Institutt for forsvarsstudier, professor II ved Universitetet i Bergen og leder for prosjektet *Norsk utenrikspolitikk historie*.

*Roald Berg* er Dr.art. og førsteamanuensis ved Høgskolen i Stavanger. Han har skrevet *Norsk utenrikspolitikk historie, bd. 2, Norge på egen hånd 1905-1920*, Oslo: Universitetsforlaget 1995.

Red.

# Formative periodar i norsk tryggingpolitikkens utvikling

Olav Riste

Eg vil ta utgangspunkt i eit par sitat frå programtalen som Norges første utanriksminister, Jørgen Løvland, heldt i Stortinget i oktober 1905. Det første refererer til eit slagord som eigentleg stammar frå ein artikkel Bjørnstjerne Bjørnson skreiv i Verdens Gang kring 1890.

*Ser man paa forholdene udad, saa siger man altid med megen styrke: vi vil ingen udenrigspolitik have. Jeg har brugt selvsamme uttrykk, og kan være enig i det, dersom man bare finder den rette begrænsning for udtrykkets betydning, at opgaven maa være at holde os udenfor deltagelse i de kombinationer og alliancer, som kan drage os ind i krigs-eventyr sammen med nogle av de europæiske krigerstater.*

Men Løvland hadde eit tilleggsprogram som er mindre kjent:

*Saa er der en anden udenrigspolitik, vi skal fore. Der er ingen politik, som i nutiden spiller den rolle i det internationale liv som netop den, som vi maa lægge hovedvekten paa: det er at sikre saavidt muligt vore internationale materielle forbindelser ...*

Med desse orda gav Jørgen Løvland i 1905 oppskrifta for det som skulle bli dei to hovudlinene i utanrikspolitikken til den nye suverene staten. Dette var lenge før omgrepet tryggingpolitikk hadde fått namn. Alt var utanrikpolitikk. Som usikker debutant i internasjonal politikk var all utanrikpolitikk for Norge likevel tryggingpolitikk: Det galdt å tryggje den nye sjølvstendige statens eksistens, både politisk og økonomisk. Den oppgåva hadde både ei defensiv og ei offensiv side. Her skal vi ta for oss det eg ser som dei to formative periodar for norsk utanriks- og tryggingpolitikk: Først åra 1905 - ca. 1910, då den «klassiske» norske nøytralismen blir utforma; og

deretter perioden 1940-1949, som markerer Norges overgang frå å vere tilskodar til å bli deltakar i internasjonal maktpolitikk.

## 1905 og arven frå fortida

Norge var i 1905 ein ny aktør i mellomfolkeleg politikk. Men Løvland starta ikkje med blanke ark. Norges plass i det internasjonale samfunnet var innfelt i ei ramme som i sitt opphav var tidlaus, og som i si utforming bygde på hundreårige tradisjonar. Utgangspunktet var geografisk og topografisk. Plassert i Europas nordlege utkant, med ein karrig natur men omgitt av hav i nord, i vest, og i sør, måtte fiske og fangst, sjøfart, og utanrikshandel bli bestemmande for Norges internasjonale orientering. Dette gav alt frå tidleg middelalder ei særleg sterk kontaktflate til det britiske øyriket. Frå første stund vart såleis denne «vestvendinga», eller den atlantiske dimensjon, det dominerande element i norsk utanriks- og tryggingpolitikk.

At denne vestvendinga - forholdet til Storbritannia - var eit livsvilkår for Norge var blitt demonstrert på 1800-talet både til vondt og godt. Den britiske blokaden under Napoleonskrigane hadde synt faren ved å kome i strid med det presten Nicolai Wergeland i 1814 kalla «Magter, med hvilke det for Norge var ligesaa uforførdent og underligt, som skadeligt, at være uens».<sup>1</sup> For Norge å vere i konflikt med Storbritannia var så avgjort det Halvdan Koht kalla å «koma på den range sida».<sup>2</sup> Frå midten av 1800-talet fekk vestvendinga si positive side: «Pax Britannica», med britisk herredøme til sjøs og ein liberal britisk handels- og skipsfartspolitikk, vart viktige føresetnader for Norges vekst og velstand, som igjen avfødde den sjølvtilitt som låg bak kravet om lausriving frå Sverige.

Behovet for eit godt forhold til Storbritannia hadde imidlertid følgje av eit minst like sterkt

behov for avskjerming i forhold til internasjonal maktpolitikk. Dette siste tilsa ei klar avstandsmarkering som delvis var stimulert av og delvis bygde opp under kjensla av geografisk avstand frå kontinental-Europas konfliktpunkt og slagmarker. Markeringa gav seg uttrykk i den norske isolasjonismen som tok form mot slutten av 1800-talet.

Når eg brukar uttrykket norsk isolasjonisme om det som i alle offisielle deklarasjonar vart kalla nøytralitetspolitikk, er det helst fordi nøytralitet er ein folkerettsleg definert tilstand som strengt sett er avgrensa til krigstider. Nøytralitetspolitikk i fredstid er derfor reelt sett ikkje noko anna enn ein alliansefri politikk. Isolasjonisme er derimot eit historisk omgrep som i sitt amerikanske opphav føddest av ei kjensle av trygg geografisk avstand frå europeisk stormaktspolitikk, ispedd element av moralsk fordøming av den same maktpolitikken.

Den klassiske amerikanske isolasjonismen og den norske varianten har eit anna felles trekk i sitt preg av å vere gratispassasjer hos den britiske flåten: Likeins som Amerikas tryggleik mot europeisk stormaktsinnblanding lenge var knytt til den britiske flåtemakta i Atlanterhavet,<sup>3</sup> var Norges territorielle integritet avhengig av den avskjerming mot tysk eller russisk ekspansjon som låg i Storbritannias herredøme i Nordsjøen og Norskehavet.

Løvlands sterke understreking av nøytraliteten i sin programtale kan derfor seiast å ha hatt eit dobbelt formål: Det skulle tene til å understreke Norges faste vilje til ikkje-innblanding i internasjonal maktpolitikk: Nøytraliteten var Norges fremste forsvarslinje. Men det skulle samtidig kamuflere det faktum at Norge hadde ei retrettstilling dersom nøytraliteten ein dag skulle vise seg som eit usikkert tilfluktsrom: Då ville Storbritannia i eigen interesse sjå til at ingen av dei andre maktene fekk utfordre britisk sjøherredøme ved å skaffe seg fotfeste i Norge. For, som den unge diplomaten og folkerettseksperten, seinare utanriksminister Arnold Ræstad skreiv i eit PM i mai 1906: «Det maa ansees for at være traditionel engelsk politik, at Storbritannien ikke, saafremt det kan undgaaes, vil tillade nogen anden stormagt at sætte sig fast i de til havet grensende dele af Norge ...»<sup>4</sup>

## Integritetstraktat med dobbel botn

Denne dobbelbotnen i norsk tryggingsspolitikk er klart illustrert gjennom arbeidet for Norges og Løvlands utanrikspolitiske kongstanke frå 1905 - integritetstraktaten. Formelt var den både tenkt som og utforma som eit genuint uttrykk for Norges ekvidistanse til alle stormakter med interesser i Nord-Europa, og som ein høgtideleg manifestasjon av at eit fritt Norge i fred - også i forhold til Sverige - var alle stormaktenes felles interesse.

Mellom linene i den endelege traktaten låg der imidlertid eit opplegg også for det alternativet at stormaktenes konsensus om non-intervensjon skulle bryte saman: Då ville Norge kunne påkalle britisk assistanse mot dei einaste maktene som kunne tenkjast å ville endre status quo i Nord-Europa - Russland eller Tyskland. Om til dømes Tyskland eller Russland skulle finne at deira vitale interesser kravde eit inngrep mot norsk territorium, ville Norge kunne rekne med assistanse frå Storbritannia.

Norges spesielle forhold til Storbritannia var såleis i ein viss forstand ambivalent: Den stormaktskonsensus som var innebygd i integritetstraktaten skulle også fungere som avskjerming mot britiske ambisjonar om å sikre sin kontroll over Nordsjøen gjennom marinebasar på norskekysten. Men om motsetningane mellom stormaktene - og spesielt mellom Tyskland og Storbritannia - nådde eit kritisk nivå, ville eit i og for seg uønskt britisk inngrep mot norsk område i neste omgang bli eit vern mot aggresjon frå andre makter.

Norges lagnad under den første verdskrigen kom i det store og heile til å fungere som ei stadfesting av grunnelementa i denne reserveposisjonen. Storbritannias maktposisjon var solid nok til at fienden, Tyskland, ikkje såg seg i stand til inngrep mot norsk område, og dominansen var samtidig sterk nok til at Storbritannia kunne sikre sine interesser i forhold til Norge utan å måtte gå til inngrep som ville tvinge Norge inn i krigen. Desse røynselene kom også til å forsterke ein utilsikta sideeffekt av ein tryggingsspolitikk der assistanse frå ei venlegsinna stormakt var sjølv bærebjelken: Eit nasjonalt eksistensforsvar var innanfor eit slikt

konsept nærmast ein unødvendig luksus. I forhold til Storbritannia ville eventuelle konflikter kunne utjammast gjennom ein politikk som tilgodesåg britiske interesser. I forhold til andre stormakter ville Storbritannias eigen interesse av å hindre deira inngrep mot norsk område vere avskrekking nok.

### Illusjonen om «effortless security»

Det siste leddet i dobbelsikringa av Norges tryggleik, i form av ein britisk «garanti», både var og måtte vere ein «tacit assumption» - ein stillteiande føresetnad. Nøytralitetspolitikken folkerettsinspirerte rammevilkår har i prinsippet ingen opningar for partiske reserveposisjonar. I 1920-åra vart imidlertid denne britiske «garantien» ikkje berre gøymd, men også gløymd eller i det minste uinteressant. Bortfallet av identifiserbare stormakts-truslar mot Norge, som følgje av Tysklands nederlag og Sovjetunionens militære avmakt, var viktigaste grunnen til det. Men dertil kom at Norges innmelding i Folkeforbundet på ein finurlig måte gav dobbelsikringa ei ny forkledning. På tvers av alle formaljuridiske reservasjonar kring medlemskapen som eit avsteg frå den strenge nøytralitetens smale veg gav Folkeforbundet oss både i pose og sekk: Alliansefridom, gjennom organisasjonens universelle målsetting kombinert med våre reservasjonar mot sanksjonsparagrafen i pakta; semi-allianse, fordi Folkeforbundet frå realpolitisk synsstad var dei sigrande Vestmaktens tryggingpolitiske instrument.

Norges tryggingpolitiske situasjon i mellomkrigstida kunne såleis i si mest konsentrerte form oppsummerast i The Times' ironiske slengmerknad frå 1935 om «effortless security». <sup>5</sup> Norge ville ha tryggleik utan eigen-innsats. Men alt før denne karakteristikken kom på trykk var Norges tryggleik ikkje berre kostnadsfri - den var på god veg til å bli illusorisk. Ein europeisk stormaktskonsensus eksisterte ikkje lenger. Både Sovjetunionen og Tyskland var i trettiåra på veg opp frå den makt-politiske bølgedalen og inn i posisjonar som representerte potensielle truslar mot grannestatane.

I dette låg der ingen umiddelbar fare for Norge. Verre var det at Vestmaktene, som i norsk perspektiv var identisk med Storbritannia, var på vikande «appeasement»-front i den grad at dei verken innanfor eller utanfor Folkeforbundet makta å utforme ein realistisk «containment»- eller oppdemningspolitikk mot diktaturstatane.

Aller verst var det likevel at Norges reserveposisjon var i ferd med å bli undergravd, utan at ein her i landet hadde syn for det: I den intense norsk kritikken mot «appeasement»-politikken var det moralske element så dominerande at det ikkje gav plass for innsikt i den eigentlege årsaka til Vestmaktens avmakt: Storbritannias «imperial overstretch» andsynes risikoen for ein trefrontskrig mot Tyskland, Italia og Japan. Framfor slike truslar var det klart at den britiske regjeringa ville måtte handheve ei streng prioritering ut frå sine egne nasjonale interesser. Og då ville Storbritannias interesse i å hindre andre stormakters fotfeste på norskekysten måtte kome langt ned på lista.

Den norske «reserveposisjonen» bygde altså på ei førestilling om britisk flåtemakt som ikkje tok omsyn til at denne mot slutten av 30-åra var i ferd med å bli innhenta av eit nytt sett globale utfordringar. Dette var alvorleg. Den verkeleg fatale misrekninga låg likevel på eit anna plan - den manglande innsikt i luftvåpenet som ein trusselfaktor mot overmakt til sjøs. Det var dette som først og fremst gjorde utslaget i 1940. Sjølve overfallet 9. april ville nok ha lykkast i alle fall, fordi tyskarane oppnådde både strategisk og taktisk overrasking. Men den britiske flåten hadde utan større problem kunna stengt dei tyske maritime sambandslinene gjennom Skagerak og den sørlege delen av Nordsjøen, og såleis teke kvelartak på dei tyske styrkane i Norge - om det ikkje var for det tyske flyvåpenet. Den massive tyske flyinnsatsen under «Weserübung» resulterte i at sjefen for den britiske «Home Fleet» alt om kvelden 9. april bestemte seg til å dra alle sine overflateskip tilbake til farvatna nord for 62. breiddegrad. Faren for tap av verdifulle krigsskip vog tyngre enn utsiktene til eit tysk-okkupert Norge på den andre sida av Nordsjøen. <sup>6</sup>

## Ein ny start - i skuggen av Sovjet

I eksil i Storbritannia frå juni 1940 stod den norske regjeringa framfor to tryggingpolitiske oppgåver: Ho måtte søkje å etablere eit praktisk tillits- og samarbeidsforhold til den britiske krigsleiinga, og ho måtte prøve å ta lærdom av nøytralitets- og isolasjonspolitikken samanbrot.<sup>7</sup> Svaret regjeringa gav på desse utfordringane fekk si samanfatning i det vi gjerne kallar London-regjeringa sin Atlanterhavspolitik. I sin essens var dette ein appell om eit langsiktig og gjensidig forpliktande trygging- og forsvarspolitisk samarbeid mellom statane som grensa til det nordlege Atlanterhav.

Like viktig som dei konkrete tryggingpolitiske utspela frå London-regjeringa var likevel langtidsverknaden av åra i eksil, i form av ei læretid i internasjonisme. Det dei fem åra gjorde var å gi dei mange tusen nordmenn på utefronten rotfeste i eit nytt jordsmonn der internasjonale og storpolitiske spørsmål var nære og daglege realitetar. Dei som ikkje hadde vore «ute» under krigen hadde andre synsvinklar. I spenningsfeltet mellom tradisjonell norsk nøytralisme og krigsåras nye internasjonisme skulle så etterkrigstidas norske tryggingpolitikk ta form.

Det viktigaste nye elementet som krigsåra tilførte Norges tryggingpolitiske situasjon, var likevel framveksten av ein ny storpolitisk konfliktakse, prega av forholdet mellom dei to supermaktene Sovjetunionen og USA, og Norges geografiske plassering i krysselden mellom dei. I staden for å vere eit storstrategisk utmarksområde, av relativt sporadisk interesse som flanke i forhold til tysk-britiske konfliktar, var Norge kome midt i ein faresone. I sine grunndrag kunne denne erkjenninga ha preg av å vere ny vin på gamle flasker: «Russefrykta» var eit velkjent felles-nordisk og delvis felles-europeisk historisk fenomen. Men Sovjetunionen som ei ekspansiv militærpolitisk verdsdramme var ei urovekkande utvikling.

Det bilaterale forholdet mellom Norge og Sovjetunionen gjennomgikk fleire metamorfoser under den andre verdskrigen. Men frå 22. juni 1941 var dei to statane allierte. Nølande og gradvis vart det i dei følgjande par åra etablert ein viss

bilateral kontakt. Og ved årsskiftet 1943-44 innleidde den norske London-regjeringa det som må kallast ein diplomatisk offensiv overfor Sovjet, med tilbod om militært samarbeid og avtalemessig regulering av spørsmål i tilknytning til frigjeringa av Norge. Årsaka var utsiktene til at den raude armeen ville marsjere inn i Finnmark som dei første allierte styrkane på norsk jord. Det innebar frigjerung frå tysk okkupasjon. Men i bakhovudet hos ein del nordmenn låg der eit «worst case» scenario der ein slik innmarsj kunne bli innleiinga til ein ny okkupasjon. Og hos ein indre krins av politiske aktørar fekk slike mistankar ny næring då Molotov omlag samstundes kravde avståing av Bjørnøya og norsk-sovjetisk samstyre for Svalbard. Frykt og uvisse sette derfor sitt preg på det offisielle bilaterale forholdet fredssommaren 1945, i sterk kontrast til publikums varme hyllest til vår mektige og sigerrike sovjetiske allierte.

## Vegen til Atlanterhavspakta

Den norske regjeringa nølte dei første etterkrigsåra i det lengste med å innta posisjonar som innebar eit klart val av side langs den nye konfliktaksen mellom Sovjet og Vestmaktene. «Brubygging», oppslutning om FN-idealet, og aversjon mot blokkdeling, var hovudelementa i ein norsk utanrikspolitikk som bygde på ei blanding av sterke ønske - og ein viss porsjon tru - om ein ny internasjonal orden. Parallelt med dette gjekk der likevel ein understraum av praktiske forsvarsbindingar til vår tradisjonelle vestlege støttemakt Storbritannia, som eit framhald av krigsåras våpenbrorskap. Med samarbeid på materiell- og opplæringssektoren, og med operativt samarbeid i okkupasjonen av Tyskland, var grunnlaget lagt for ein ny og langt meir funksjonell «reserveposisjon» for det tilfellet at FN-ideen skulle svikte. «Treårs-planen» for den første oppbygginga av Forsvaret etter krigen trong derfor ikkje å namngi det den omtala som «de som måtte bli våre allierte» i ein framtidig konflikt.

For norsk tryggingpolitikk vart vedtaka i 1945-1946 om materiellkjøp, om Treårsplanen, og om Tysklandsbrigaden, retningsgivande på fleire måtar. Dei kom for ettertida til å bli ståande som

merkesteinar for brotet med mellomkrigstidas forsvarspolitik og som introduksjon for eit tidsmessig norsk forsvar med hovudvekta på kvalitet framfor kvantitet. Først og fremst vart imidlertid desse vedtaka grunnstamma i dei funksjonelle bindingane til Storbritannia i brubyggingspolitikens periode. Dei fleste såg inga motsetning mellom brubyggingspolitikens alliansefridom og Norges nære forhold til Storbritannia, så lenge som dette siste avgrensa seg til praktiske tiltak utan synlege tryggingspolitiske manifestasjonar.

Det er unødvendig her å rekapitulere gangen i den velkjende prosessen som i ein tolv månaders periode frå januar 1948 skulle føre Norge inn i Atlanterhavspakta. Startsignalet for prosessen kom som rett og rimeleg var frå Storbritannia, gjennom utanriksminister Bevins kløyvande tale i Underhuset 22. januar. Bevins initiativ botna i ei dobbel erkjening av at motsetningane i forhold til Sovjet no hadde gått over ei grense, og samtidig at Europa no måtte knyte sin trygggleik til USA. «Europa» omfatta ikkje dei nordiske landa i denne omgangen, og skandinaviske reaksjonar på talen var blanda. Men kuppet i Tsjekkoslovakia kort tid etter, og det sovjetiske paktilbodet til Finland, følgt av rykte om tilsvarende tilbod til Norge, resulterte i norske tryggingspolitiske initiativ andsynes Storbritannia og USA, med spørsmål om eventuell støtte.

Inntrykket av at Norge var «på veg vestover», var bakgrunnen for at Sverige reagerte med tilbod om drøftingar om skandinavisk forsvarssamarbeid. Forhandlingar om dette kom så til å dominere agendaen resten av året. Under forhandlingane vart det klart at det svenske opplegget - som i sin kjerne var ei utviding av svensk alliansefridom til å omfatte også dei andre to landa - ikkje kunne sameinast med det strategisk meir utsette Norges behov for forsynings- og planmessig kontakt med vestmaktene. Norge, med Danmark og Island på slep, valde derfor Atlanterhavspakta som den einaste truverdige løysinga på sitt tryggingspolitiske problem.

Utfallet av den prosessen som førte til norsk medlemskap i Atlanterhavspakta syner klart den atlantiske dimensjons primat i norsk tryggingspolitikk. Det kunne knapt bli annleis all den tid det var vår lange kystline mot Nord-Atlanteren som

gjorde landet til eit viktig storstrategisk område og skapte behov for allierte med sterke sjømilitære maktmidlar. Mot dette hadde den nordiske dimensjon lite å stille opp med, trass i eit naturleg landmilitært interessefellesskap mellom Sverige og Norge. Den kulturelle affinitet til nordisk samarbeid kunne nok påverke kjensler og stemningar, men måtte til slutt bøye unna for harde maktpolitiske realitetar.

Om vi så for ordens skuld kastar eit sideblikk til den europeiske dimensjon i norsk tryggingspolitikk, er det berre for å fastslå at i den i 1949 ikkje var i bildet i det heile. Vel var Atlanterhavspakta i sitt opphav samansett av tre nordiske og seks europeiske land i allianse med USA. Men dei kontinental-europeiske medlemsstatane var i utgangspunktet skeptiske til å dele den amerikanske «garantien» og våpenhjelpa med nordiske land. Først i 1950-åra tok det vestlege forsvarssamarbeidet mål av seg til ein europeisk dimensjon, gjennom Europahær-planar og meir eller mindre luftige tankekonstruksjonar om eit NATO med ein amerikansk og ein europeisk pilar. Desse planane kom aldri så langt at det vart nødvendig for Norge å ta definitiv stilling til dei. Men den norske motviljen mot alt som kunne redusere den atlantiske dimensjons dominans var klar.

## Konklusjon

Som vi ser var det først vinteren 1949 at dei landa som skulle bli våre allierte vart offentleg identifiserte. Derfor har også vinteren og våren 1949, med klimaks i Halvard Langes undertekning av Atlanterhavspakta 4. april, fått status som det store vendepunktet i norsk utanrikspolitikks historie. Sett frå den offisielle, erklærte politikks synsstad er det ei oppfatning som har mykje for seg. Norsk tryggingspolitikk historie er elles meir prega av frykt-liknande varsemnd i forhold til internasjonalt forpliktande avtalar med andre land. Det at regjeringa våren 1949, med massiv tilslutning frå Stortinget og eit klart fleirtal av opinionen i ryggen, kunne gå til eit slikt steg kan ha to forklaringar: For det første var der på denne tida ei stemning av sterk uro og til dels redsle andsynes det ein opp-

fatta som aggressiv sovjetisk ekspansjon.<sup>8</sup> For det andre vart nok tilslutninga til Atlanterhavspakta oppfatta som ei "billeg" forsikring. Ved slik å tone flagg oppnådde vi avskrekkingseffekten av å ha det mektige USA med sitt atomvåpenmonopol til alliert, utan eigne nasjonaløkonomiske offer og utan konkret å forplikte oss til å hjelpe andre.

Når eg her har lagt så stor vekt på utviklinga frå 1940 til 1949 er det for å framheve den gradvise tryggingpolitiske prosessen som førte den norske politiske elite - «the decision-makers» - gjennom det eine stadiet etter det andre i overgangen frå alliansefridom til allianse. Det tok til med 9. april-sjokket, gjekk vidare via det praktiske samarbeidet i krigsalliansen, og heldt fram med dei funksjonelle vestbindingane under dei åra som uheldigvis har fått merkelappen «brubyggingsperioden». Frå ein slik synsvinkel, og vurdert ut frå realitetane i Norges tryggingpolitiske situasjon, er det som skjer 4. april 1949 ikkje stort meir enn ei formalisering eller offentleg stadfesting av eit tryggingpolitisk samband - ein ekteskapeleg sanksjon av mange års truloving, om ein vil.

Med vedtaket i 1949 var den andre formative perioden i norsk tryggingpolitikk ført til endes. Ein analyse av Norges forhold til det vestlege samarbeidet etter den tid vil måtte ta stilling til to alternative hypoteser. Den eine vil sjå utviklinga som ein kontinuerleg progresjon, om enn etter «to steg fram, eitt steg tilbake» modellen, i retning av eit stendig sterkare norsk engasjement som aktiv deltakar i internasjonalt forpliktande samarbeid - tryggingpolitisk, utanrikspolitisk, og økonomisk. Den andre hypotesen vil sjå innmeldinga i Atlanterhavspakta som avviket, og Norges avvisande eller reservasjonsfylte gratispassasjerinnstilling til forpliktande samarbeid som hovudtrenden.

Truleg er tidsspennet enno for kort til å felle nokon dom om den eine eller den andre forklaringsmodellen er mest dekkjande. Det bør kunne bli klarare under dei komande års utvikling i Norges forhold til det europeiske fellesskapet. Men mykje talar for at vi står på terskelen til den tredje formative perioden for norsk utanriks- og tryggingpolitikk - ei tid der økonomien, og dermed den europeiske dimensjon, vil overta for trygging-

politikken og atlantisismen som grunntone i Norges internasjonale orientering. Kanskje vil dermed Utanriksdepartementet ved sitt neste jubileum i 2005, med EØS som flaggsak, måtte konstatere at det har gått sirkelen rundt, og er tilbake ved utgangspunktet - Jørgen Løvlands 1905-opskrift: Full innsats for «at sikre saavidt muligt vore internasjonelle materielle forbindelser», men utan engasjement i «de politiske kombinationer mellem magterne».

### **Summary: Norwegian security policy from isolationism to atlantic integration**

This interpretive essay analyses the metamorphosis of Norwegian security policy from isolationism to integration into an Atlantic framework. The author focuses on two formative periods of national security policy: first the years immediately following Norway's break-out from the union with Sweden in 1905, and secondly the period from the German invasion in 1940 to Norway's accession to NATO in 1949.

In 1905 the national government had to frame an independent foreign and security policy. The determinants were a feeling of remoteness from Europe's conflict centres, and a strong conviction that both Norway's security and her economic welfare depended on close and friendly relations with Great Britain. This translated into a policy formally described as neutralism, behind which lay a reliance on British naval power as the fall-back position.

Norway's experiences in the First World War seemingly confirmed the wisdom of that policy. In the interwar period Norway's membership of the League of Nations could be seen as preserving both the «facade» of non-alignment and the residual alignment with the Western Powers. But the - albeit temporary - disappearance of potential threats from Germany and Russia/the Soviet Union consigned the ultimate need for British naval protection to the realms of oblivion. And when that need suddenly reappeared, during the German invasion of Denmark and Norway in April 1940, British sea power in the North Sea was overwhelmed by German air power.

The reappraisal of the foundations of Norwegian security, undertaken by the Norwegian Government in exile in Britain during the war, amounted to a search for a wider Atlantic framework in which the United States would have to play a role, coupled with apprehensions about the future role and interests of the Soviet Union. In the immediate aftermath of the war Norway had to put her trust in the United Nations, coupled with low-key practical defence cooperation with Great Britain. But in 1948 the widening East-West conflict, and the realisation that Norway in such a conflict would be in a strategically exposed position, seemed to require binding security commitments of an alliance character. An initial Swedish attempt to

tie Norway and Denmark into a Nordic non-aligned defence arrangement failed, and on 4 April 1949 Norway became a signatory of the North Atlantic Treaty.

The essay concludes with some reflections about the fluctuations of Norway's relationship with respectively the Atlantic, the European, and the Nordic dimensions of her foreign and security policy, and poses the question whether Norway is now entering a third formative period of her security policy, marked by a contraction of the Atlantic, security-dominated dimension, and the concomitant elevation to primacy of a European dimension in which economic concerns set the agenda.

## Noter

1. Nicolai Wergeland, i ein tale til Riksforsamlinga på Eidsvold i 1814. Her sitert etter Henrik Wergeland, *Norges Konstitutions Historie*, Kristiania 1897: 278.
2. Sjø t.d. Halvdan Koht, *For Fred og Fridom i Krigstid*, Oslo 1957: 65 og 180.
3. «It was assumed in Washington that Britain would act as America's first line of defence because Hitler menaced British vital interests as much as American.» C.A. MacDonald, *The United States, Britain and Appeasement 1936-1939*, London 1981: 180.
4. Sitert etter Roald Berg, «'Det land vi venter hjelp af': England som Norges beskytter 1905-1908», i R. Tamnes (red.), *Forsvarsstudier IV, 1985*, Oslo 1985: 143.

5. Leiarartikkel i *The Times*, London 6.7.1935.
6. For ei nærare drøfting av dette sjå min artikkel «Sea Power, Air Power, and Weserübung» i *Commission Internationale d'Histoire Militaire, Acta No.2*, Washington D C 1975: 125-27.
7. Om den norske London-regjerings politikk sjå O. Riste, *'London-regjeringa': Norge i krigsalliansen 1940-1945, I-II*, Oslo 1973-1979.
8. Kfr. meningsmålingar gjengitt i Bjørn Alstad (red.), *Norske Meninger* bd.1, Pax, Oslo 1969: 90-95. I april 1948 meinte 69 mot 31 prosent at Norge ville bli nøydd til å slutte seg til ei stormaktsblokk, og nesten like mange ønskte slik tilslutning. Seks av ti spurde meinte Sovjet sikta mot verdsherredøme.

# 1905-1914: En norsk nordpolitikk?

Roald Berg

